

Merknader til kassasystemforskrifta

Oppdatert den 25. august 2016 og 25. september 2018

Kapittel 1. Virkefeltet til forskrifta. Definisjonar

Til § 1-2. Definisjonar

Bokstav a er lik med høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-1 bokstav e. Som kassaskuff reknast både tradisjonelle skuffer som sit fast på sjølve kassaapparatet (typisk for ROM-baserte kassasystem) med innretning for å oppbevare setlar og myntar og skuffer som ikkje heng fysisk saman med sjølve kassaapparatet, men som er kopla opp mot systemet og dermed utgjer ein del av kassapunktet og som har innretning for å oppbevare setlar og myntar. Ulike typar løysningar kor separat ”myntapparat” og/eller ”setelmatar” er kopla mot ein safe (SafeGuard, SafePay mv.) blir og rekna som kassaskuff. Også frittstående pengeskrin, servitøren sitt pengebelte, buss-sjåføren si pengeveske og liknande innretningar blir rekna som kassaskuff, dersom dei blir brukte til å oppbevare kontantar for verksemda. Det visast også til at det er satt krav om at kassaskuffa som hovudregel skal vere ein integrert del av kassasystemet, jf. § 2-2.

Bokstav b definerar kva som meinast med kassapunkt. Sjølv om kassaskuffa ikkje er ein integrert del av kassasystemet, for eksempel ved at servitøren sitt pengebelte nyttast til å oppbevare kontantar, vil den den eininga kor salstransaksjonane blir registrert og det vert beordra utskrift av salskvittering, vere eit kassapunkt. Einingar som berre nyttast til å registrere ordrar eller til å gjennomføre kredittsal vil da ikkje vera eit kassapunkt.

Bokstav c er lik med høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-1 bokstav h. Dersom det er mogeleg å registrere bruk av ”nødopningsknapp” i elektronisk journal, skal også slik bruk inngå i oppsummerte tal over skuffåpningar.

Bokstav d er lik med høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-1 bokstav i. Kvitteringa for salet kan både vere fysisk papirutskrift og ei elektronisk fil. Salskvittering vil og omfatte kredittsal som blir avslutta på kassapunktet.

Bokstav e er lik med høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-1 bokstav j. Tilbakebetaling for prisjusterte varer eller tenester kan typisk skje som følgje av at kunden reklamerer på varen eller tenesta og oppnår prisavslag.

Bokstav g definerer pro forma kvittering. Pro forma kvittering blir typisk brukt i restaurantbransjen kor gjesten ønskjer å sjå kor mykje kvitteringa lyder på før den endelige kvitteringa blir skriven ut.

Bokstav h er lik med høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-1 bokstav k. Utleveringskvittering utgjer ingen endeleg dokumentasjon for salet. Salet skal seinare fakturerast og bokførast som kredittsal med plikt til spesifikasjon i kundespesifikasjonen, jf. bokføringsforskrifta § 3-1 første ledd nr. 3, jf. andre ledd.

Bokstav i definerar kva som meinast med treningskvittering. Ei treningskvittering vil oftast innehalde dei same slags opplysningar som ei salskvittering, men må ha ein annan nummerserie, jf. § 2-8-6.

Bokstav j definerer kva som meinast med kvittering frå betalingsterminal. Slik utskrift er aktuell ved bruk av betalingsterminalar som ikkje er integrert i kassasystemet.

Bokstav k er lik med høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-1 bokstav l. Kontinuerleg bruk omfattar ein kvar bruk av kassasystemet (her under alle korreksjonar – også før det blir slått ”kontant”). Ordlyden ”og liknande” omfattar bl.a. endringar i programmert tekst og tømning av ROM-minnet i samband med overføring av opplysningane til eksternt minne.

Bokstav l er lik med høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-1 bokstav m. Den elektroniske journalen skal dokumentere all kontinuerleg bruk av kassasystemet.

Bokstav m er lik med høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-1 bokstav n. Etter at Z-rapport er produsert skal registreringane i kassasystemet nullstillast slik at dei ikkje kjem med på neste Z-rapport.

Bokstav n er lik med høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-1 bokstav o. Produksjon av X-rapport medfører ikkje at registreringane i kassasystemet blir nullstilte. Dvs. at opplysningane som er med i X-rapporten også vil vere med i den neste Z-rapporten. Ein X-rapport kan for eksempel nyttast dersom det skal gjerast ein kassakontroll i løpet av dagen, dvs. før det endelege dagsoppgjeret.

Bokstavane o til q definerer akkumulatorar som skal vere med i X- og Z-rapportane, jf. kassasystemforskrifta § 2-8-2 bokstavane w til y. Akkumulatorane inneheld alle registreringar på kassasystemet frå det tidspunktet kassasystemet vart tatt i bruk, og skal vere inklusive eventuell meirverdiavgift. Akkumulatorane skal innehalde kredittsal som nemnt i § 2-8-2 andre ledd, og returkvitteringar knytta til kredittsalet.

Bokstav r definerer kva som meinast med STEB-kvittering.

Bokstav s definerer kva som meinast med integrert betalingsløysing. Dette kan typisk være ein bankterminal som er integrert med kassasystemet.

Til § 1-3. Tilpassing av kassasystem

Føresegna utdjuar definisjonen av "leverandør av kassasystem" i kassasystemlova § 2 bokstav e). Etter denne definisjonen reknast, forutan produsentar og importørar, også forhandlarar og andre som tilpassar kassasystem for dei bokføringspliktige som leverandør av kassasystem. Ikkje ein kvar tilpassing av kassasystemet medfører at ein blir å rekna som leverandør. F.eks. vil den som hjelper den bokføringpliktige med å leggje til / endre varer eller varegrupper, priser, namn på personale etc. etter ein mal som følgjer med systemet, ikkje bli å rekne som leverandør. Dersom vedkommande legg til nye funksjonar vil ikkje systemskildringa lenger vere fullstendig, jf. kassasystemlova § 3 andre ledd og kassasystemforskrifta § 2-6 første ledd, og det må lagast ei ny produktfråsegn og ei ny systemskildring. Det same vil gjelde dersom ein gjer endringar i påbodne funksjonar og i oppbygginga av systemet, jf. forskrifta § 2-5.

Kapittel 2. Krav til kassasystem mv.

I dette kapittelet er det sett spesifikke krav til kassasystema. Desse systemkrava har korresponderande føresegner om bruken av kassasystem i høyringsforslaget til bokføringsforskrifta kapittel 5a.

Til § 2-1. Systemskildring

Føresegna utdjuar kravet til systemskildring som følgjer av kassasystemlova § 3 andre ledd. *Første ledd* inneber at det i systemskildringa må gjevast ei omtale av kva slags komponentar kassasystemet består av, slik som maskinvare, operativsystem inkl. filsystem, database og program. Dataflyt frå kassapunktet og fram til lagring i elektronisk journal, og overføring av elektronisk journal til standard eksportformat må og omtalast. I tillegg må systemskildringa innehalde ei omtale av dei tiltaka som sikrar elektronisk journal mot urettmessige endringar. Denne systemskildringa er meint å vere ei lettfatteleg oversikt. Føresegna supplerer kassasystemlova § 4.

Systemskildringa skal og dokumentere kontrollsporet etter krava i bokføringslova

§ 6 tredje ledd dersom kassasystemet er ein del av den bokføringspliktige sitt rekneskapssystem. Ein viser til Norsk bokføringsstandard NBS 2 Kontrollsporet for meir rettleiing rundt dokumentasjonskravet til kontrollsporet.

Andre ledd inneber at systemskildringa som følgde med kassasystemet ved salg, utleige eller utlån, må endrast dersom systemet blir tilført nye funksjonar, eller ved andre endringar som påverkar oppbygginga av systemet. Kravet gjeld og forhandlar eller andre som tilpassar kassasystem for den bokføringspliktige, jf. kassasystemlova § 2 bokstav e). Leverandøren kan velje om han vil utarbeide ei ny systemskildring eller eit tillegg til systemskildringa.

Til § 2-2. Kassaskuff

Det er som hovudregel eit krav at kassasystemet skal ha integrert kassaskuff på kvart kassapunkt. Kassaskuff er definert i § 1-2 bokstav a. Som integrert kassaskuff reknast både tradisjonelle skuffer som sit fast på sjølv kassaapparatet (typisk for ROM-baserte kassasystem) og skuffer som ikkje heng fysisk saman med sjølv kassaapparatet, men som er kopla opp mot systemet og dermed utgjør ein del av kassapunktet. Ulike typar løysingar kor separat "myntapparat" og/ eller "setelmatar" er kopla mot ein safe (SafeGuard, SafePay mv.) reknast også som integrert kassaskuff.

Det er unntak frå kravet til bruk av integrert kassaskuff under visse føresetnader. Dette gjeld når kassasystemet har funksjonar for å registrere kontantsal mv. på den enkelte operatør og betalinga ikkje skjer frå faste kassapunkt. Eit eksempel kan vere når servitørar tar betaling ved borda og kontantane blir oppbevart i pengebelte eller liknande. Dersom servitøren i slike tilfelle har med seg ein terminal "til bordet" som han beordrar utskrift av salskvittering frå, blir dette ikkje rekna som eit "fast kassapunkt" og det er ikkje krav om at terminalen (kassapunktet) skal ha integrert kassaskuff. Det vises til bokføringsforskrifta § 5-3-4. Dersom den bokføringspliktige har permanente løysingar med kassasystem kor det ikkje kan betalast med setlar og myntar, så vil det ikkje vere krav til kassaskuff.

Ved integrert kassaskuff blir det stilt krav til at kassasystemet skal registrere opningar av kassaskuffa (sjå § 2-7 andre ledd) og vidare til at det ikkje skal vere mogeleg å foreta registreringar dersom kassaskuffa er open (sjå § 2-6 femte ledd).

Til § 2-3. Skrivar mv.

Det enkelte kassapunkt skal vere utstyrt med skrivar og ein eksportfunksjon. Kassapunkt er definert i forskrifta § 1-2 bokstav b. For ein nærare omtale av krava til eksportfunksjonen, mellom anna sikring av integriteten til opplysningane, viser ein til merknadene til § 2-7.

Til § 2-4. Krav til språk

Navn på kvitteringane og ord som skal vere tydeleg merka, jf. §§ 2-8-4 til 2-8-8, skal vere på norsk sjølv om resten av teksten på kvitteringane er på eit av dei andre språka.

Til § 2-5. Funksjonar som eit kassasystem skal ha

Føresegna listar opp ein del funksjonar som må finnast i eit kassasystem. Føresegna inneber eit forbod mot å ha kassasystem som ikkje har desse funksjonane.

Funksjonskravet i *første ledd* korresponderer med brukskravet i høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-8 første ledd.

Funksjonskravet i *andre ledd* gjeld også kor det blir betalt med ulike betalingsmiddel ved éin enkelt salstransaksjon. Føresegna må sjåast i samanheng med krava til spesifikasjonar på salskvittering og X- og Z-rapportane i §§ 2-8-2 til 2-8-4 og høyringsforslaget til dei

korresponderande brukskrava i bokføringsforskrifta § 5a-2 andre ledd om at registreringa skal omfatte all den informasjon som skal spesifiserast på X- og Z-rapport.

Funksjonskravet i *trede ledd* er nødvendig for å oppfylle krava til kvitteringar og rapportar i § 2-8, jf. høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-12.

Funksjonskravet i *fjerde ledd* er nødvendig for å sikre at all bruk av returar går klart fram av kvitteringar og på dagsoppgjeret.

Funksjonskravet i *femte ledd* korresponderer med det tilsvarande brukskravet i høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-9.

Til § 2-6. Funksjonar som eit kassasystem ikkje skal ha

Føresegna listar opp ei rekke funksjonar som eit kassasystem ikkje kan ha. Føresegna inneber eit forbod mot å ha kassasystem med slike funksjonar, jf. at kassasystem må ha ei produktfråsegn som garanterer fråværet av desse funksjonane.

Første ledd inneber eit generelt forbod mot skjulte funksjonar.

Andre ledd inneber at programvaren i kassasystemet ikkje kan ha API (Application Programming Interfaces), databasefunksjonar eller tilsvarande som gjer det mogeleg å skrive til elektronisk journal utanom dei normale funksjonane kassasystemet har - og som er beskrive i dokumentasjonen. Dette skal sikre elektronisk journal mot uautoriserte endringar, og hindre at tredjepartsløysingar (zapperware o.l.) får tilgang til elektronisk journal gjennom kassasystemet sine funksjonar og oppbygging. Hacking og andre angrep mot elektronisk journal kan ikkje ein systemleverandør gardere seg mot, men det skal ikkje vere funksjonar som lett kan misbrukast for å kompromittere integriteten til journalen. Dette inneber også at innebygde mekanismar for sikkerheit må ha ei tilfredsstillande konfigurering slik at det ikkje er lett å få uautorisert aksess til kassasystemet sin elektroniske journal eller til systemet sine funksjonar, og dermed hindre fullstendig registrering av bruken av systemet i journalen.

Tredje ledd første punktum inneber bl.a. forbod mot å kunne nullstille elektronisk journal, f. eks. gjennom funksjonen "recall journal".

Tredje ledd andre punktum inneber at det ikkje skal vere mogeleg å fjerne programmert tekst i samband med gjennomføringa av ein salstransaksjon. Føresegna er ikkje til hinder for at ein ved salet kan legge til meir utfyllande tekst. F. eks. kan ein ha programmert tekst "vinterdekk", og så kan ein ved salet gi utfyllande informasjon om kva slags type vinterdekk som er selt. Føresegna er sjølv sagt heller ikkje til hinder for at ein kan endre programmeringa forut for det konkrete salet.

Kravet i *fjerde ledd* om automatisk utskrift av kvittering er viktig for å sikre at salet blir fullstendig registrert. Det skal takast utskrift sjølv om kunden ikkje ynskjer å ta utskrifta med seg. Dersom det nyttast ei integrert betalingsløysing, sjå merknadene til § 1-2 bokstav s, i samband med salet er det ikkje krav om at kassasystemet skal generere utskrift automatisk. Dersom ei slik løysning nyttast, er det kun krav til at operatøren tar utskrift når kunden ynskjer det. Sjå bokføringsforskrifta § 5-3-5 første ledd. For drivstoff-, parkerings- og billettautomatar, samt andre automatar med funksjon til å skrive salskvittering, kan systemet ha ein funksjon som gjer det frivillig for kunden å ta ut salskvittering.

Kassasystemet må kunne skrive ut kvitteringa på papir, men kan også ha mogelegheit for elektronisk utskrift. Elektronisk utskrift er gjennomført når kvitteringa er sendt frå kassasystemet på ein slik måte at kunden kan ta i mot kvitteringa i elektronisk form, f.eks. på ein smarttelefon eller på Digipost. Dersom kassakvitteringa blir sendt til kunden elektronisk, og det også blir teke ei utskrift på papir, skal ei av kvitteringane merkast "KOPI", jf. § 2-8-6. Forbodet mot utskriftsmogelegheit av meir enn éin kopi av salskvitteringa skal hindre gjenbruk av kvitteringar ved standardiserte sal, eksempelvis ein halvliter øl eller dagens rett. Unntaket for STEB-kvitteringar er innført slik at kassasystemforskrifta ikkje skal hindre

oppfyllinga av "forskrift om forebyggelse av anslag mot sikkerheten i luftfarten mv." og EU-forordning 2015/1998.

Kravet i *femte ledd* sikrar at talet på opningar av kassaskuff kan kontrollerast mot talet for registrerte salstransaksjonar.

Kravet i *sjette ledd* må sjåast i samanheng med den bokføringspliktige si plikt etter høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-10 til å overføre opplysningane til eit anna elektronisk medium. Kravet er viktig og vil forhindre at oppbevaringspliktig rekneskapsmateriale blir sletta bevisst eller ubevisst.

Kravet i *åttende ledd* gjeld kassasystem som blir kopla saman med ei ikkje-automatisk vekt. Krava til ikkje-automatiske vekter er regulert i direktiv 2009/23/EF, og implementert i Noreg gjennom forskrift 21.12.2007 nr. 1735 om krav til ikke-automatiske vekter. (Frå 16. april 2016 gjeld direktiv 2014/31/EF) Justervesenet har tolka direktivet slik at eit kassasystem ikkje er ein del av målereiskapen. Kassasystemet må derfor ikkje oppfylle krava i direktivet, men blir sett på som eit tillegg til vekta, jf. forskrift nr. 1735, § 15.

Til § 2-7. Elektronisk journal

Første ledd inneber at sjølve inntastinga av reine tal ikkje må lagrast, men med ein gang ein trykker ein annan tast, f. eks. "C"-tasten (annullering) eller "Enter", skal både det første beløpet som er tasta inn og den seinare aktiviteten lagrast. Dersom operatøren for eksempel først tastar inn eit beløp på kr 1 000 som blir vist på displayet, og deretter endrar dette til kr 100 før salet blir avslutta, skal korrigeringa av beløpet registrerast i kassasystemet.

Elektronisk journal skal vere sikra mot endring. Sikringa mot endring skal vere tryggande. Ein viser til kapittel 5 i NBS - Sikring av rekneskapsmateriale om kva som ligg i uttrykket tryggande.

For at ein elektronisk journal skal vere tryggande sikra mot endring, må det ikkje vere mogeleg å direkte eller indirekte manipulere innhaldet i journalen. Elektronisk journal må da sikrast både gjennom tilgangskontroll og integritetskontroll. Integritetskontroll skal gjennomførast ved bruk av digital signatur gjennom programvaren og er alltid leverandøren sitt ansvar. Krav til dette er fastsatt i dokumentet "Krav og retningslinjer for implementering av digital signatur for transaksjoner i kassasystemer". Leverandøren kan gjennom avtale med den bokføringspliktige overføre ansvaret for andre komponentar til kassasystemet enn programvaren. Sjå nærmare om dette i Skattedirektoratet si [prinsipputsegn](#) om leverandøren av programvaren sitt ansvar.

I dei tilfella kor leverandøren har driftsansvar og tilgangskontrollen, og kor berre brukargrensesnittet til kassasystemet er tilgjengeleg for den bokføringspliktige, er det ikkje krav til integritetskontroll gjennom digital signatur. Det skal da ikkje vere mogeleg for den bokføringspliktige å få tilgang til den elektroniske journalen utenom dei funksjonane som ligg i applikasjonen/programvaren.

Ved overføring av elektronisk journal til eit anna elektronisk medium, skal systemet produsere ei fil direkte frå elektronisk journal som ikkje enkelt lar seg redigere. Slik overføring skal ikkje kunne gjerast før kassasystemet har produsert ein Z-rapport. Kravet om at fila ikkje skal vere direkte redigerbar er heilt avgjerande for å sikre korrekt dokumentasjon og kontrollgrunnlag.

Når eit lagringsmedium er fullt, må systemet varsle dette, og vente med vidare lagring til nytt lagringsmedium er kopla til. Alle lagringsmedia for den aktuelle oppbevaringsperioden må oppbevarast på ein trygg måte. Ein viser i denne samanheng til høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-15 andre ledd og merknadene til denne føresegna.

Det må vere mogeleg å underbygge at dei eksporterte opplysningane er fullstendige gjennom kontroll mot X-rapportar og Z-rapportar, grand totalar eller liknande.

For å sikre praktisk bruk av elektronisk journal for brukaren og kontrollmyndigheiter, må det vere mogeleg å eksportere frå den skjulte elektroniske journalen som gjer det komplette innhaldet i journalen tilgjengeleg. På denne måten treng verken brukar eller kontrollørar å ha tilgang til systemleverandørane sine krypteringsnøklar o.l. som er nytta for å sikre journalen. Eksportfila kan vere redigerbar så lenge den blir generert direkte frå den sikra journalen. Verksemdene kan bruke eksportfila til å lage månadsrapportar, grafar mv. i den operative drifta. Denne eksportfila er ikkje oppbevaringspliktig slik den sikra journalen er. Systemet skal kunne produsere eksportfila i ei standardisert form. Skattedirektoratet fastset nærmare format og innhald i fila.

Andre ledd må sjåast i samanheng med kravet til at X- og Z-rapport skal vise kor mange gonger integrert kassaskuff har vore opna, jf. kassasystemforskrifta § 2-8-2 bokstav m.

Tredje ledd inneber at endringar i faste opplysningar, f.eks. meirverdiavgiftssatsar og prisar skal gå fram av elektronisk journal. Det er tilstrekkeleg at tidspunktet for endringa går fram av journalen. Det er såleis ikkje krav om at det skal gå fram kva meirverdiavgiftssatsane, prisane mv. var før og etter endringa.

Fjerde ledd må sjåast i samanheng med § 2-8-2 bokstav v og § 2-8-3 som set som krav at opplysningane skal spesifiserast på X- og Z-rapportane.

Også elektroniske dagsoppgjer etter høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-14 omfattast av ordlyden "andre registreringar" i *femte ledd*.

Sjette ledd er det gitt føresegner om korleis opplysningane skal lagrast i elektronisk journal. Eit eksempel på tilfredsstillande løysing kan vere å markere starten på kvar enkelt salskvittering med eit særskilt teikn.

Til § 2-8-1. X-rapport, Z-rapport, salskvittering mv.

Første punktum angir minimumskrav til kva slags dokumentasjon som skal kunne produserast av kassasystemet. Føresegna inneber ikkje noko forbod mot at kassasystemet kan produsere også annan dokumentasjon.

Etter *andre punktum* er det ikkje noko absolutt krav at kassaapparatet skal kunne registrere kredittsal, men dersom kassasystemet har slik funksjon skal det også ha ein funksjon for å skrive ei særskilt kvittering (utleveringskvittering) for dette. Dette kravet må sjåast i samanheng med det generelle kravet om at det alltid skal skrivast ut ei salskvittering ved kontantsal, jf. høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-6-1 første ledd. Ved kredittsal vil det bli utstedt salsdokument på eit seinare tidspunkt enn transaksjonstidspunktet. Utleveringskvittering erstattar da salskvittering på transaksjonstidspunktet. Sjå og merknaden til § 2-8-2 andre ledd som gjeld der kredittsal blir fakturert frå kassapunktet.

Til § 2-8-2. X-rapport

Føresegna angir minimumskrav til innhaldet i X-rapportane som skal produserast av kassasystemet. Føresegna angir ikkje noko forbod mot at også annan informasjon blir teken med på rapporten.

Første ledd

Bokstav a - Det skal gå fram på ein tydelig måte at rapporten er ein X-rapport. Det er derfor hensiktsmessig at dette vert teke med øvst på rapporten.

Bokstav b - Det er føretakets namn, slik dette er registrert i Einingsregisteret/ Føretaksregisteret som skal gå fram av X-rapporten.

Bokstav c - Det følgjer av § 2-5 tredje ledd at kassasystemet si klokke skal vere stilt til norsk normalt tid og at den skal justerast for sommartid.

Bokstav d - Eit kassasystem sitt ID-nummer vil variere i forhold til type kassasystem, om det er eit PC-basert kassasystem eller eit ROM-basert kassasystem. Den viktigaste

funksjonen til ID-nummeret er å være ein unik identifikator av eit kassasystem, slik eit serienummer fungerer for andre elektroniske apparat. For eit PC-basert kassasystem vil normalt lisensnummer og løpenummer for programvaren vere tilstrekkeleg, og det er ikkje behov for å registrere eksempelvis serienummer på maskinvara til kassasystemet. For ein butikk med eitt kassapunkt, jf. definisjonen i § 1-2 bokstav b, vil lisensnummer halde som kassasystemet sitt ID-nummer. For ei butikkjede med fleire kassapunkt, vil imidlertid lisensnummeret vere likt for alle kassapunkta. Derfor må lisensnummeret i slike tilfelle kompletterast med eit løpenummer eller annen identifikator for kassapunktet, f.eks. den staden der kassapunktet er plassert. Løpenummeret treng ikkje vere sekvensielt, men må vere unikt saman med lisensnummeret for å identifisere kassapunktet. For ROM-baserte kassasystem vil ID-nummeret kunne vere ein kombinasjon av eksempelvis serienummer på apparatet og versjonsnummer av programvara.

Bokstav e - Kontantsalet skal visast brutto, dvs. inkludert eventuell meirverdiavgift, men etter fråtrekk av registrerte rabattar, returar mv.

Bokstav f - Kontantsalet, jf. bokstav e, skal spesifiserast på hovudgrupper. Dette vil vere eit samandrag av registrerte sal som høyrer inn under den definerte hovudgruppa. Den bokføringspliktige kan velje å spesifisere kontantsalet på eit meir detaljert nivå. For enkelte bransjar er det sett krav om at omsetning mv. skal bokførast og spesifiserast på bestemte vare- og tenestegrupper, jf. bokføringsforskrifta §§ 8-3 (frisørverksemd mv.) og 8-5 (serveringsstader). For frisørverksemd er det og eit krav om å vise vare- og tenestegruppene pr. ansatt. Kassasystemet må da uansett innrettast slik at desse krava kan oppfyllest.

Bokstav g - Det er totalt kontantsal, jf. bokstav e, som skal vere fordelt på ulike betalingsmiddel. Føresegna inneber eit krav om spesifikasjon på dei ulike betalingsmidla som kan nyttast ved kassapunktet, f. eks. betalingskort, fysiske pengar, mobiltelefon mv. Enkelte kassapunkt kan vere sett opp slik at det berre er mogeleg å betale med for eksempel betalingskort. Det vil da berre vere krav om å spesifisere kontantsalet på betalingskort.

Bokstav h - Det er totalt kontantsal, jf. bokstav e, som skal visast pr. operatør.

Bokstav j - Ein viser til kravet til å spesifisere avgiftspliktig og avgiftsfritt sal, sal som nemnt i bokføringsforskrifta § 5-1-1 nr. 7, samt sal som er unntatt meirverdiavgiftslova etter føresegnene i merverdiavgiftslova kapittel 3 kvar for seg, og kravet til å summere desse sala særskilt i salsdokumentet, jf. bokføringsforskrifta § 5-1-5.

Bokstav k - Sjå merknadene til høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-8 første ledd.

Bokstav l - Sjå merknadene til § 1-2 bokstav d.

Bokstav m - Sjå merknadene til § 1-2 bokstav c.

Bokstav o - Sjå merknadene til § 1-2 bokstav g.

Bokstav p - Dette vil vere summen av dei returane som er registrert, dvs. både dei returane som er registrert via salskvittering og dei returane som har medført ei særskilt returkvittering. Ein viser til § 1-2 bokstav e og høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-7-1 første ledd andre punktum.

Bokstav q - Det er ikkje krav om at det skal registrerast rabattar på varer der prisen er sett ned. Dersom prisen blir korrigerert i kassa, skal det likevel gå fram at korreksjonen gjeld rabatt.

Bokstav r - Dette er sal som blir avbrote før kassakvittering er skriven ut, for eksempel fordi kunden ikkje har pengar.

Bokstav s - Eit eksempel på type linjekorreksjon er "feilslag". Dette vil typisk vere feilslag som blir korrigerert før salskvitteringa blir skriven ut. Eit eksempel på det er at varen feilaktig er registrert to gonger, eller at det er registrert feil vareartikkel.

Bokstav v - Sjå merknadene til § 1-2 bokstav h.

Bokstav w - Sjå merknadane til § 1-2 bokstav i

Bokstavane x til z - Sjå merknadene til § 1-2 bokstavane o til q.

Andre ledd inneber at dei som fakturerer kredittsal frå kassapunktet, skal spesifisere talet på slike kredittsal og beløp. Også talet på innbetalingar og utbetalingar som gjeld kredittsal skal spesifiserast. Talet på andre innbetalingar som skjer på kassapunktet skal spesifiserast på type og beløp. Dette kan bl.a. være forskotsbetalingar, depositum og innbetalingar for gåvekort. Innbetalingar som gjeld kontantsal skal spesifiserast på type betalingsmiddel. Dette fylgjer av første ledd bokstav g. Når det gjelder utbetalingar viser ein og til høyringsforslaget til bokføringsforskrifta § 5a-8 andre ledd, der det er stilt særskilte dokumentasjonskrav for uttak av kontantar frå kassaskuffen.

Til § 2-8-3. Z-rapport

Etter *første ledd* skal det vere tydelig at rapporten er ein Z-rapport. Det er derfor hensiktsmessig at dette blir vist øvst på rapporten.

Kravet til nummerering inneber at det for kvart kassapunkt skal føreligge Z-rapportar med eit fortløpande nummer. Av kravet om fortløpande nummerering følgjer at to Z-rapportar ikkje kan ha same nummer. Kravet om nummerering kjem i tillegg til kravet om at Z-rapporten skal innehalde dato og klokkeslett, jf. § 2-8-2 bokstav c. Det skal dermed ikkje vere mogeleg å foreta registrering av kontantsal i tidsrommet etter at det er gjennomført eit dagsoppgjær med produksjon av Z-rapport, utan at dette kontantsalet inngår på neste Z-rapport eller at det set spor ved at eit nummer på Z-rapportane manglar.

Andre ledd inneber at Z-rapport ikkje kan produserast dersom det finst parkerte bongar i systemet. Som parkert bong reknast ikkje romleie før utsjekk har skjedd i hotellverksemd.

Etter at Z-rapport er produsert skal registreringane i kassasystemet sidan føregåande Z-rapport vere nullstilt, slik at dei ikkje kjem med på neste Z-rapport.

Til § 2-8-4. Salskvittering

Forskrifta set krav til minimumsinnhald på salskvittering, blant anna at ordet "Salskvittering" skal gå fram øvst på kvitteringa. Den bokføringspliktige treng ikkje angi dette ordet på nynorsk. Føresegna angir ikkje noko forbod mot at også annan informasjon blir teken med på kvitteringa.

Til § 2-8-5. Returkvittering

Forskrifta set krav til innhald på returkvittering, blant anna at ordet "Returkvittering" skal gå fram øvst på kvitteringa.

Til § 2-8-6. Kopikvittering, STEB-kvittering, pro forma kvittering og treningskvittering

Forskrifta set krav til at orda "KOPI", "STEB-kvittering", "Foreløpig kvittering – IKKJE KVITTERING FOR KJØP" og "Treningskvittering – IKKJE KVITTERING FOR KJØP" skal gå fram tydeleg på respektive kopikvittering, pro forma kvittering og treningskvittering. . Det er ikkje høve til å erstatte store bokstavar med små bokstavar. Den bokføringspliktige treng ikkje angi desse orda på nynorsk.

Til § 2-8-7. Utleveringskvittering

Føresegna gjeld bokføringspliktig som registrerer kredittsal på kassasystem og som seinare fakturerer kredittsalet. Forskrifta set krav til at orda "Utleveringskvittering – IKKJE KVITTERING FOR KJØP" skal gå fram tydelig på kvitteringa. Det er ikkje høve til å erstatte store bokstavar med små bokstavar. Den bokføringspliktige treng ikkje angi desse orda på nynorsk. Bokføringspliktig som unntaksvis har kredittsal og som ikkje fakturerer dette særskilt, kan registrere salet på vanleg måte og skrive ut ei salskvittering. For å forklare

differansar mellom den kontantbeholdninga som er telt opp og Z-rapporten må kopi av salskvitteringane leggjast ved dagsoppgjeret.

Til § 2-8-8. Kvittering frå betalingsterminal

Forskrifta set krav til at orda "IKKJE KVITTERING FOR KJØP" skal gå fram tydelig på kvitteringa. Det er ikkje høve til å erstatte store bokstavar med små bokstavar. Den bokføringspliktige treng ikkje angi desse orda på nynorsk. Dersom det blir nytta integrert betalingsterminal vil både opplysningane om at det er nytta kort og transaksjonsID gå fram på salskvitteringa, jf. merknadene til § 2-8-4.

Kapittel 3. Produktfråsegn og utbetring av manglar mv.

Til § 3-1. Produktfråsegn

Første ledd slår fast at produktfråsegna skal leverast via Altinn. Utanlandske leverandørar av kassasystem må da ha eit norsk føretaksnummer og ein kontaktperson med enten norsk fødselsnummer eller D-nummer.

Etter *andre ledd* skal det berre leverast éi produktfråsegn for same versjon av kassasystemet. Dette skal blant anna hindre at ein forhandlar som ikkje gjer tilpassingar i kassasystemet, skal kunne levere produktfråsegn. Ved import av eit kassasystem kan enten den utanlandske produsenten eller importøren av kassasystemet levere produktfråsegn, jf. kassasystemlova § 2 bokstav e. Føresegna skal sikre at dersom fleire importerer same kassasystem og produsenten ikkje har levert produktfråsegn, må kvar importør levere produktfråsegn der kassasystemet har ein eigen unik versjonsidentifikasjon. Det naturlege er at den utanlandske produsenten i slike tilfelle tildeler kvar importør ein unik versjonsidentifikasjon.

Til § 3-2. Tilbaketrekking av kassasystemet frå marknaden

Når eit kassasystem ikkje tilfredsstillir krava i kassasystemlova, skal leverandøren utbetre mangelen eller trekkje kassasystemet frå marknaden, jf. kassasystemlova § 6. Leverandøren kan og bli pålagt dette av skattekontoret. I forarbeida til lova, prop 120 LS (2014-2015), er det lagt til grunn at leverandøren skal informere kundane når feilen er retta eller kassasystemet blir trekt frå marknaden. Føresegna i *første ledd* set krav om at kundane skal varslast utan ugrunna opphald når kassasystemet blir trekt frå marknaden. Dette inneber at leverandøren må ha oversikt over dei bokføringspliktige kundane som har kjøpt kassasystem frå seg.

Føresegna i *andre ledd* stiller krav om at skattekontoret sitt pålegg om at leverandøren skal utbetre manglar eller trekkje systemet frå marknaden skal innehalde ein frist. Kor lang denne fristen skal være vil kunne variere etter kva slags type feil og manglar pålegget gjeld.